



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Naturutvalet

**Møtedato:** 09.04.2019

**Møtetid:** Kl. 15:00 - 16:00

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Ingvild Raftevoll Bøgevik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Jon Magne Bøgevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikke:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Martin Haugen	BL	Ingrid H. Røen	Sp

**Møtenotater:**

Zbigniew Nieznalski, rådgiver i BIR AS orienterte utvalet om arbeidet med forsøpling og årsrapporten fra BIR som ligg ved innkallinga.

Utvælt lukka møtet for å få meir utfyllande informasjon og grunna detaljerte opplysingar som kunne knytta til enkeltpersonar.

Nina Fredriksen orienterte om Løa i Hagabakkane:

Det er søkt om riving av bustadhús og deling av eigedomén. Løa vert riven samstundes og me reknar med at tiltaket er gjennomført i løpet av 2019.

Årsrapport BOF:

Gunn Petersen (Ap) er vara i BOF sitt styre, og stilte sprsmål om korleis ho skulle orientere til politisk nivå.

Sture Tveit (H) orienterte korleis han hadde orientert ordførar og utvala då han var medlem.

Utvælt sitt kvarter:

Gunn Petersen (Ap) bad om ei orientering om Skottabakken ut frå det som er skrive om i Samningen om forureining i bekken mm.

Administrasjonen orienterte om lovverket og at ved byggearbeid er denne forueininga lovleg. Det er utfordringar med bygginga av mur i bekken, og særskilt er det utfordringar når Samnanger kommune og er tiltakshavar samstundes som forvaltar av tiltaket. På bakgrunn av utfordringane med tiltaket har

communen auka opp tilsynet til byggeleiing. Byggeleiari/rådmann skal rapportere til formannskapet.

Dersom utvælt får meldingar om avvik er det viktig å gje dei vidare til Nina Fredriksen som er koordinator eller rådmannen som er hovudansvarleg for prosjektet.

Sture Tveit (H) tok opp att oppsamlinga av bilar på Steinland og bad administrasjonen å få kontakt med

vedkomande for å få avslutta dette.

Teknisk forvaltning følgjer dette opp.

Karl Kolbotn (Frp) tok opp problema med toalettet som ikkje fungerer ved Fossen Bratte.

Administrasjonen orienterte om mulighetstudiet/reiselivsprosjektet der oppe og at det er dialog med vegevesent om å få auka og forbetra toalettforholda.

Jon Magne Bøgevik (Uavh) stilte spørsmål om skotpremie og klypping av klør på rev.

Adminsitrasjonen orienterte om at kommunen har hatt dialog med landbrukskontoret og at dette kjem me tilbake til.

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 12.04.2019

---

Karl Bård Kollbotn  
leiar i utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
005/2019	19/340	Faste saker	
006/2019	19/145	Uttale til Fusa kommune sin kommunedelplan for akvakultur i sjø	
007/2019	18/1158	Søknad om dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg	

## **SAKNR. 005/2019: Faste saker**

### **09.04.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **NAT- 005/2019 Vedtak:**

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 006/2019: Uttale til Fusa kommune sin kommunedelplan for akvakultur i sjø**

### **09.04.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **NAT- 006/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune meiner at Fusa kommune sin KDP akvakultur er godt utgreidd og gjennomarbeidd, og at det er gjort smarte grep med tanke på utnyttingsgrad for eksisterande akvakulturareal og kombinert føremål akvakultur/ferdsel/fiske med føresegner om «*akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve*» for nye areal.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune meiner at Fusa kommune sin KDP akvakultur er godt utgreidd og gjennomarbeidd, og at det er gjort smarte grep med tanke på utnyttingsgrad for eksisterende akvakulturareal og kombinert føremål akvakultur/ferdsel/fiske med føresegner om «*akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve*» for nye areal.

## **SAKNR. 007/2019: Søknad om dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg**

### **09.04.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) hadde varsla ønskje om synfaring. Utvalet slutta seg til dette og deltok på synfaring før handsaminga av saka. Utvalet vurderte om Vidar Tweiterås (Ap) og Sture Tveit (H) var ugild før

synfaringa.

Vidar Tveiterås (Ap) bad om få vurdert sin ugildskap og gjekk ifrå under handsaminga. Han vart samrøystes funnen gild. Sture Tveit (H) la fram grunngjeving for at han var gild i saka. Utvalet slutta seg til Tveit sin vurdering.

Utvalet drøfta deretter saka og det vart sett fram fellesframlegg om å gje dispensasjon.

Det vart røysta alternativt over framlegget til rådmannen og fellesframlegget:

Fellesframlegget fekk mot 2 røyster for rådmannen sitt framlegg.

Fellesframlegg	Rådmannen sitt framlegg
Karl Kolbotn (Frp)	Gunn Totland Moss (Krf)
Sture Tveit (H)	Gunn Peteresen (Ap)
Ingrid Røen (Sp)	
Vidar Tveiterås (Ap)	
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	
Anja Elisabeth M Gjerde (Bl)	
Ingvild Bøgevik (Frp)	

#### NAT- 007/2019 Vedtak:

Med heimel i veglova § 29, Pbl § 11-9, nr 5 og §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå avstandskravet til midtline veg; i samsvar med omsøkte terremmur.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med off. leidningstrase.
- Kommunen er ikkje erstatningsansvarleg for eventuelle skader på terremmur og garasjebygg som følgje av drift- og vedlikehald av kommunal veg.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i veglova § 29, Pbl § 11-9, nr 5 og §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå avstandskravet til midtline veg; i samsvar med omsøkte terremmur.

Med heimel i veglova § 29 og Pbl § 11-9, nr 5 og §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå avstandskravet til midtline veg; dvs. 4 meter frå midtlinje veg for å etablere terremmur, i samsvar med sak nr 150/2018 på følgjande vilkår:

- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med off. leidningstrase.
- Kommunen er ikkje erstatningsansvarleg for eventuelle skader på terremmur og garasjebygg som følgje av drift- og vedlikehold av kommunal veg.

Administrasjonen meiner at den omsøkte terremuren er plassert for nært veg og vil kunne gje vesentlege ulemper for både framkommeleg heit og trafikktryggleik for barn og unge, samt at ei evt. arealutviding til fortau i framtidig situasjon vil verte vesentleg tilsidesett. Standard på denne vegen er dårleg og det er sannsynleg at det vert ei utbetring i framtidig situasjon. Ferselsson for gåande bør være minst 2 m og fri for hindringer, jf handbok N100, Statens vegvesen, i tillegg bør «veggsonen» normalt ha en bredde på 30–100 cm.

I denne konkrete situasjonen er det vektleggjande at denne kommunale ferdelsåra er hovud-adkomsten for barn og unge som skal opp til idrettsanlegget i Hagabotnane.